



Røysterett for alle syng i biblioteket under markeringa av verdsgdagen for psykisk helse. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Kva har skjedd og skjer på Valen? Journalist Sjur Tjelmeland veit mykje om det i motsetnad til folk flest. Dette lokale sjukehuset vart opna for 100 år sidan og til jul kjem boka om Valen. Tjelmeland fortalde torsdag om arbeidet sitt med boka under markeringa av verdsgdagen for psykisk helse i biblioteket på Husnes, Forfattar og psykiater Hans Sande var ein annan bidragsytar i programmet og det var i høgste grad også Røysterett for alle.

Markeringa på Husnes hadde, i likheit med verdsgdagen, som føremål å bidra til meir openheit rundt psykiatrisk helse.

Tjelmeland sa at det hadde vore eit privilegium å jobba med dette stoffet, med den målsetjing å fortelja om folket innafor veggjene på Valen. Mykje positivt har skjedd der etterkvart. No er pasient-talet nede i rundt 100 og alle har einarom medan institusjonen tidlegare var prega av store sovesalar.

- Eg har også sjølv visst lite om Valen og det vart teikna skrekkopplevingar frå sjukehuset då eg vaks opp, fortalde Tjelmeland.

Under arbeidet med boka har han også gått gjennom pasientjournalar, mellom andre ein som fortel om ein pasient som var der i 39 år.

Han var takksam mot og imponert over intervjuobjekta sine fordi dei hadde vore viljuge til og motige nok å blottleggja sine inste kjensler. Og han minte om at hver tredje eller fjerde av oss ein gong i livet treng profesjonell hjelp med vår psykiske helse.

Røysterett for alle toga inn - slik dei plar gjera - etter bruremarsjen frå Seljord og song ellers eit tverrsnitt av deira kjende repertoar. Dei var innom renessansen, ein bårsull og ein folketone før dei nådde høgdepunktet med 'Du er den finaste' og runda av med to 'kveldsviser'.

Det vart eit fint punktum for ei fin markering av eit viktig tema.

Av Ola Matti Mathisen